

Arkivsaknr: 2023/2286-4
Sakshandsamar: Asbjørn Nagell Toft
Avdeling: Plan, bygg og oppmåling

SAKSFRAMLEGG

Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune - Offentleg ettersyn

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek å senda **Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim Kommune** ut på offentleg ettersyn.

Grunngjevinga ligg i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan og bygningslova § 11-14.

Saksopplysningar

Planframlegg til Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim er no klar til offentleg ettersyn (vedlagt). Rapporten er datert den 20. desember 2023 (Nr. 4082). Det er verksemda Rådgivende Biologer AS som har levert det omfattande plandokumentet. Kommunestyret i Austrheim kommune har i sin planstrategi for 2020-2024 bestemt at det skal lagast ein slik kommunedelplan. Kommunen fekk kr. 150.000 i tilskot frå Miljødirektoratet til denne planen. I arbeid med utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald har det vore viktig å få å ei oversikt over kunnskapsgrunnlaget me har for naturmangfald i kommunen, men og utarbeida oversiktlege kart som samanfattar den innsamla kunnskapen. Dette både på sjø og land, men det vil alltid vera trøng for meir kunnskap framover, men dette er ei god byrjing.

Formannskapet vedtok oppstart av planarbeid for **Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim kommune** i møte den 24.03.2022. Planoppstart vart annonsert på vanleg måte i lokalavis/heimeside og ein del lag/organisasjonar og offentlege instansar vart tilskrivne. Det kom følgjande innspel til planarbeidet (forkorta i teksten nedanfor):

1. Skognæringsforum Vestland, datert den 9. juni 2022. Dei oppfordrar kommunane til å inkludere skognæringa i denne planprosessen.

2. Vestland fylkeskommune, datert den 15.05.2022. Dei skriv mellom anna: *Vi oppmodar kommunen til å utarbeide arealstrategiar for vidare arealplanlegging, som del av kommunedelplan for Naturmangfold. Desse vil både kunne styrke den kommunale planlegginga omgåande, og vere eit godt utgangspunkt ved neste rullering av kommuneplan.*

Ein vesentleg naturtype i kommunen er kystlynghei, noko som kommunen vier mykje fokus i oppstartsvarselet. Dette er ein kompleks biotop som ikkje berre krevjar å ikkje verte bygd ned, men der aktiv landbruksdrift og skjøtsel er naudsynt for ivaretaking av det biologiske mangfaldet. Vidare er det positivt at kommunen både fokuserer på naturmangfold på land og i vann, samt at ein tydeleggjer kva som er store utfordringar for naturmangfaldet i kommunen i dag.

3. Forum for natur og friluftsliv (FNF) Hordaland, datert den 13. mai 2022. Dei skriv mellom anna: *FNF Hordaland er svært positive til at Austrheim kommune nå har startet prosessen med å få laget en kommunedelplan for naturmangfold. Tap av natur og biologisk mangfold er et av de aller alvorligste miljøproblemene vi står overfor, og må stanses gjennom utallige små og store tiltak på alle samfunnsnivåer-ikke minst i kommunene.*

Planen bør blant annet si noen om forholdet mellom kunnskap og forvaltning/politikk i kommunen – for eksempel et eget avsnitt om aktuelt lovverk og forvaltningsverktøy.

Det er nettopp i arealforvaltningen vi må finne løsningen på natur- og artstapsutfordringene, ettersom arealinngrep, arealendringer og fragmentering av natur utgjør hele 90 prosent av årsakene til at arter trues av utryddelse i Norge i dag.

Vi mener at det eksempelvis også bør komme frem av planen hvilke geografiske områder som man anser for å ha et stort potensial når det gjelder naturmangfold

FNF Hordaland ønsker altså å presisere at en viktig del av det kommende arbeidet bør være tydelighet rundt hvor det er kunnskapshull – altså om hva man ikke vet.

4. Statsforvaltaren i Vestland, datert den 09.05.2022. Statsforvaltaren er svært positiv til at Austrheim utarbeider ein kommunedelplan for naturmangfold. Dette vil mellom anna bidra til å setje naturmangfold på dagsorden og det vil kunne bli eit viktig verktøy for kommunen i arbeidet med arealforvaltninga. Å ha særskild merksemeld på korleis arealendringar påverkar lokalt naturmangfold er svært relevant fordi arealinngrep er dokumentert å vere det største trugsmålet mot biologisk mangfold både globalt og lokalt i Vestland. Tap av biologisk mangfold og bit-for-bit nedbygging er også der Noreg scorar dårlig i internasjonal sammenheng når det kjem til måloppnåing av FNs berekraftmål innan 2030.

Det er lite informasjon om medverknad for planarbeidet. Vi viser til at kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, som barn og unge.

Det er bra at kommunen har satt opp ei ressursgruppe som kan verte invitert inn når fagområda deira er tema og etter behov. Vi er også positiv til at det skal gjennomførast intervju-undersøking, synfaringar og artsregistreringar i arbeidet med planen.

Vi vil vise til at Austrheim har ein verdifull skjergard i ytre del av kommunen. I desse områda kan både areala på land/ strandsona og i sjø vere viktig for naturmangfold i kommunen.

Det er også registrert hubro i kommunen, og planarbeidet kan vere ein anledning til å få kartlagt denne nærmare. Kommunen må då vere oppmerksam på at denne arten er unntatt offentlegheit, og dette må ivaretakast i planprosessen.

Utarbeiding av gode kart vil verte ein viktig del av arbeidet med kommunedelplanen. Her skal nasjonale, regionale og lokale naturmangfaldverdiar synleggjerast.

Kommunen bør sjå på moglegheit for å ta vare på store og samanhengande grøne og blå naturområde. Å sikre store nok leveområde for artar er avgjерande for om ein skal klare å sikre desse i framtida.

Vi ser det som positivt at kommunen vil sjå på problem med svartelista artar.

Vi ønsker gjerne å støtte kommunen med vår kompetanse og i lys av vårt ansvar for medverknad i planlegginga i dette viktige arbeidet gjennom aktiv deltaking i prosessen dersom dette er ønska, og i den grad våre ressursar strekkjer til.

5. Statens vegvesen, datert den 12.05.2022. Dei skriv mellom anna: *Vi meiner generelt at dette er eit viktig arbeid som gir eit lett tilgjengeleg datagrunnlag vedutarbeiding av andre planar. I Austrheim er det ikkje statleg vegar. Dei siste åra har vi såleis ikkje gjort registreringar som kan vere til nytte i arbeidet. Vi har ikkje merknader til varselet om oppstart.*

6. Naturvernforbundet Nordhordland, datert den 05.05.2022. Dei skriv mellom anna: *Naturvernforbundet Nordhordland er glade for at Austrheim kommune som ein av 20 kommunar i heile landet og ein av fem i Vestland frå Miljødirektoratet har motteke midlar for å utarbeida kommunedelplan for naturmangfold i Austrheim.*

Bevaring av landskap og naturmangfold har hatt høg prioritet i Naturvernforbundet Nordhordland sitt naturvernarbeid. I Austrheim har vi i samarbeid med lokale bønder og Statsforvaltaren finansiert store skjøtselsprosjekt med fjerning av sitkagran og restaurering av kystlynghei gjennom lyngbrenning. Vi har også vore opptekne av artsmangfaldet i kystlyngheia med kartlegging av lav og mosar, insekt og fugl.

Nedbygging av store samanhengande leveområde må ta slutt. Fragmentering av leveområde er det største trugsmålet mot naturmangfaldet i Austrheim slik som i verda elles.

7. Kystverket, datert den 29.04.2022. Dei skriv mellom anna: *Kystverket stiller seg positiv til utarbeidelse av kommunedelplan for naturmangfold i Austrheim kommune. Påvirkning på naturmangfold er beslutningsunderlag i forvaltingssaker. Med større kunnskap om temaet står kommunen sterkere i planmedvirkning og i forvaltingssaker om ulike tiltak i sjø og på land. Eksempelvis i akvakultursaker. Av relevante kartløsninger bør nevnes Kystinfo og BarentsWatch. Her finnes mye kunnskap og informasjon om biologisk mangfold i sjø. Mer informasjon om disse portalene er tilgjengelig på Kystverkets hjemmeside.*

8. Fiskeridirektoratet, datert den 25.04.2022. Dei skriv mellom anna: *Vår oppgåve i arbeidet med marin arealforvaltning er å ta vare på fiskeri- og havbruksnæringen sine interesser i planprosessar i kystsona, her under ivaretaking av marint biologisk mangfold ved å tilstrekke ei balansert og berekraftig bruk av kystsona. Fiskeridirektoratets regionar skal ivareta desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.*

Kystsona er verdifull for næringsverksem og rekreasjon, men samstundes er den sårbar ovanfor menneskeleg påverknad. Grundig planlegging er ein føresetnad for at menneskeleg aktivitet i så liten grad som mogleg skal påverke kystsona og livet i havet negativt. Ved å auka kunnskapen om det

marine biologiske mangfaldet vil kommunen også styrke sitt grunnlag for å lage arealplanar som tek vare på dei marine naturressursane på ein berekraftig måte.

På heimesida vår finn ein også kartløysinga [Yggdrasil](#) som inneholder fleire relevante datasett for planlegging i kystsona. Marine naturtyper etter DN håndbok 19 - Kartlegging av marint biologisk mangfold.


Austrheim kommune sin kommentarar til alle innspela:

Me har eit beste evne teke med oss viktige innspel frå dei som kom med dette til oppstarten av planarbeidet. Avgrensa ressursar gjer at me måtte prioritera hardt, men kommunedelplanen som no skal på offentleg ettersyn har teke med seg mykje av råda som me fekk i starten på arbeidet. Me vil takka alle for gode innspel, og for å ha motivert oss til å gjennomføra dette spennande planarbeidet. Denne kartlegginga har gjeva oss nyttig verdisettingar av område som har nasjonal, regional og lokal verdi. Me har og fått inn ny og systematisert kunnskap som kommunen, innbyggjarane og skulane i dag ikkje har om vår natur og fauna. Dette kan og vera ein ressurs i forsking, undervisning, arealforvalting og i reiselivssamanheng framover.

Det er kome inn nyttig informasjon til dette planarbeidet frå landbruksnæringa, kystfiskarar og dykkarar. Folk med god biologisk kompetanse i Naturvernforbundet, men og personar i andre organisasjonar har kome med viktig kunnskap til planarbeidet. Mange fagfolk med viktig artskunnskap har og bidrege. Dette har i særleg grad vore tilsette hjå Statsforvaltaren i Vestland og frå Hafsforskninga i Bergen. Også reiselivsfolk og folk tilsett i akvakulturnæringa og fiskeri har kom med opplysingar som er kome med i denne planen. Me tek elles alle innspela til orientering.

Kommunedelplan for naturmangfold


Ei konsulentverksemد med god kunnskap om biologi/natur har levert rapporten. Det er gjennomført intervju, synfaringar og artregistreringar i dette arbeidet. Eldre rapportar om tema er samla inn og brukt aktivt her. Det gjeld Viltrapporten frå 2003 (**Viltet i Austrheim**) og Naturtypekartlegginga frå 2003 (**Kartlegging og verdisetjing av Naturtypar i Austrheim**). I tillegg er det kome inn viktig kunnskap frå andre rapportar/utgreiingar om natur/artar i kommunen vår. Framsida av rapporten kan du sjå til venstre under:



Figur 16. Beitesau på Langøyna i Austrheim. 1

Vurdering

Naturmangfaldet er under stadig press både som følgje av arealomdisponeringar til nye utbyggingsførmål og som følgje av innbyggjarane sin bruk av areala til friluftsaktivitet og rekreasjon. Kommunedirektøren er glad for at kommunedelplan for naturmangfald no er klar til å sendast ut på offentleg ettersyn. Dette planarbeidet kan bevisstgjera folk om verdien av å ta vare på naturen og miljøet vårt. Det at Austrheim kommune fekk tildelt kr. 150.000 i tilskot til dette planarbeidet frå Miljødirektoratet har gjort at dette arbeidet kom i gang.



Purpurlyng i lyngheia på Krossøyna i blomming i august 2001. *B*

Kronemanet finn ein i det marine sjøområdet

Kommunedirektøren meiner at noko av det viktigaste for å sikra ei god forvaltning av naturmangfaldet er god art- og naturkunnskap hjå lokalpolitikarar, administrasjonen og innbyggjarane våre. Ein slik planprosess er ein god måte å sikra refleksjon og bevisstgjering om dette viktige temaet. Me må ta vare på livet og artsmangfaldet i kommunen vår. Det å sikra tilstrekkelege areal med natur, men og restaurera eldre typar kulturlandskap som til dømes lystheier og eldre beitemarker er og viktig framover. Me må og ha fokus på svartlista arter og korleis me skal unngå at dei sprer seg. Planen bidreg til å styrkja merksemda og samarbeidet på dette viktige området. Aktiv landbruksdrift og skjøtsel er naudsynt for ivaretaking av det biologiske mangfaldet for slike verdifulle naturtypar. Det er også positivt at vernearbeidet for våtmarksområda ved Purkebolsvatnet no har starta opp no. Det marine verneområdet i Lurefjorden og i straumane våre er i dag formelt verna.

Kommunedirektøren synes planfirmaet Rådgivende Biologer AS med sine dyktige fagfolk har gjort eit godt arbeid med å utarbeida denne kommunedelplanen. Det er elles naturleg å gjennomføra eit temamøte i høyringsperioden der alle som vil kan koma med viktige opplysingar og eventuelle merknadar til planen. Kommunedirektøren meiner at kommunedelplanen no klar til å sendast ut på offentleg ettersyn slik den ligg føre.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at **Kommunedelplan for naturmangfald i Austrheim**
Kommune vert lagt ut på offentleg ettersyn.